



## **Saksprotokoll i fylkestinget - 11.03.2014**

**Aud Karin Oen** sette fram slikt forslag:

"Fylkestinget ber om at ein i samarbeid med dei rette instansar ser på desse tiltaka:

Punkt 2. Tillegg under punkt 6.5.3:

På særskilt ulukkesutsette vegar blir det sett opp elektroniske skilt der politi/vegstellet set ned fartsgrensa ved farlege vertilhøve.

Punkt 3:

Ingen trafikklys skal gje grønt lys samstundes for bilar og fotgjengarar.

Punkt 4 kap. 6.5.4:

Mjuke trafikantar har ein dramatisk mangel på forpliktande fysiske tiltak. Forslag om lågare fart, betre lys, fleire lyskryss, planfrie overgangar m.v. må inn."

### **Røysting**

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Oen sitt forslag fekk 4 røyster (SV, MDG) og fall.

### **Vedtak**

Fylkestinget vedtek Handlingsplan for trafikksikring i Hordaland 2014-2017.